



Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/477 - 19/8825

Saksbehandlar:  
Irene Wilhelmsen  
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:  
14.03.2019

## Tillatelse til utvida bruk av avkjørsel frå kommunal veg - gbnr 121/1 Knarvik

**Tiltak:**

**Byggjestad:** Gbnr: 121/1

**Tiltakshavar:**

**Ansvarleg søkjar:**

Saka gjeldt søknad om utvida bruk av avkjørsel til kommunal veg for 2 bustadeiningar datert 19.02.2019.

**Saksutgreiing:**

Informasjon om saka:

Det er 2 våningshus på garden i dag. Det eine huset med adresse Knarvikgarden 71 skal delast i frå hovudeigedomen. Våningshuset med adresse Knarvikgarden 69, skal rivast og erstattast av eit nytt hus på garden.

I forhåndskonferanse med Lindås kommune vart det opplyst om at det må liggje ved godkjent avkøyringsløyve i søknad. Det vert difor søkt om avkøyringstillatelse/utvida bruk av avkøyrsløse for begge våningshusa til kommunal veg KV1179 hp1 m673.

Vurdering/drøfting:

Begge våningshusa står der i dag og har avkøyrsløse mot den kommunale vegen. Det vil ikkje bli auka trafikk på vegen som følgje av denne frådelinga og erstatning med nytt våningshus..

Samandrag/konklusjon:

Det kan gis løyve til utvida bruk av avkøyrsløse

**Vedtak:**

Lindås kommune gjev løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse til kommunal veg for 2 bustadeiningar med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet gjeld avkøyrsløse for 1 bustadeining på gbnr 121/1 (Knarvikgarden 69).



Løyvet gjeld avkjørsle for 1 bustadeining som vil få nytt gbnr og med adresse Knarvikgarden 71.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsona kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

### Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen  
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Byggesaksavdelinga

Byggesaksavdelinga

Jenny Kristine Lid Knarvik

Knarvikgarden 71 5955

LINDÅS

Thore Lid Knarvik

Knarvikgarden 71 5955

LINDÅS

### Mottakarar:

Arkoconsult AS

Postboks 103 5291

VALESTRANDSFOSSEN

